



## Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

### Kommunereformen - lokal prosess og framdrift i arbeidet

Vedlegg

1 Invitasjon til å delta i reformprosessen

#### Saksopplysningar

Behandlinga av kommuneproposisjonen for 2015 viste at det er eit breidt fleirtal i Stortinget om å gjennomføre av ein kommunereform. Under debatten 18. juni vart det sagt at dette er den største moderniseringa av offentleg sektor på 50 år.

Kommunane har fått eit utgreiingsansvar. Det inneber i praksis at alle kommunar skal gå gjennom prosessane med å diskutere og vurdere samanslåing, samt gjere vedtak innan våren 2016. Det er eit mål å sørge for gode og lokalt forankra prosessar. 1/3 av kommunane er i gang med utgreiing og samtalar med nabokommunar.

Staten tilbyr virkemiddel i prosessen. Det er skissert to tidsløp for kommunesamanslåing. Fylkesmannen har ei koordinerande og rettleiande rolle i prosessen. Fylkesmannen skal sjå heilskapen i regionen og sjå til at dei igangsette prosessane vert avslutta innan våren 2016.

Kva oppgåver kommunane skal ha er ikkje avklart. Det vert lagt fram stortingsmelding om oppgåvedeling for kommunane og regionalt nivå/fylkeskommunen våren 2015. Inntektssystemet vert revidert i løpet av stortingsperioden.

Regjeringa har følgjande mål for reforma:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Utdrag frå meldingsdelen til kommunep. 2015:

*”Færre og større kommuner skal gi bedre kapasitet til å ivareta og videreutvikle lovpålagte oppgaver, gi bedre muligheter til å utvikle bærekraftige og gode lokalsamfunn, samt ivareta viktige frivillige oppgaver. Generalistkommuneprinsippet er et utgangspunkt for reformen.*

*Som et generelt prinsipp skal reformen legge et grunnlag for at alle kommuner kan løse sine lovpålagte oppgaver selv. Kommunestrukturen skal legge til rette for en enhetlig og oversiktlig forvaltning.”*

Stikkord frå meldingsdelen som argument for behovet for større kommunar for å følgje opp målsettingane:

#### Tenester

- Større fagmiljø vil gi meir stabile arbeidsmiljø, breidde i kompetansen og breiare tiltaksportefølgje, særleg i små og spesialiserte tenester
- Betre kvalitetsutvikling i dei store tenestene
- Ha føresetnader for å ta på seg større oppgåver enn i dag
- Moglegheit for meir profesjonell administrasjon og leiing – innovative i fornying av tenester og arbeidsformer

#### Samfunnsutvikling

- Berekraftig samfunnsutvikling lokalt og regionalt og løyse nasjonale utfordringar
- Heilskapleg samfunnsutvikling for arealbruk, samfunnssikkerheit og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og den helsemessige og sosiale utviklinga i kommunen
- Avgrensing og storleik som gir moglegheit for funksjonelle planleggingsområde og demokratisk styring av samfunnsutviklinga
- Kommunegrensene tilpassast naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar


#### Bærekraft og økonomi

- Økonomisk solide kommunar som har god kontroll på økonomien
- Kompetanse på økonomistyring er ein viktig føresetnad for at kommunane skal kunne tilby innbyggjarane gode velferdstenester
- Større budsjett og meir robuste overfor uførutsette hendingar og kan leggje til rette for meir effektiv ressursbruk
- Betre i stand til å handtere endringar i folkesamansetjinga

#### Lokaldemokrati

- Grunnlag for å kunne overføre fleire oppgåver frå fylkeskommunane, fylkesmannen og staten elles for å styrke kommunane som lokaldemokratiske organ – auka makt og mynde til kommunane og dermed auka lokalt sjølvstyre
- Større styringskapasitet og gjennomføringskraft
- Betre politisk styring og auka moglegheit for å utnytte det lokalpolitiske handlingsrommet – meir attraktivt og meiningsfullt for politikarane
- Redusert behov for interkommunale løysingar
- Redusert behov for statleg detaljstyring

## Framdriftsplan (utdrag fra presentasjon ved Fylkesmannen)



### **”Desember 2014**

*Ekspertutvalget legger fram en sluttrapport om kriterier kommunene bør oppfylle for å ivareta mulige nye oppgaver.*

### **Vår 2015**

*Planlagt tidspunkt for framleggelse av en stortingsmelding om nye oppgaver til større og mer robuste kommuner. Eksempler på redusert statlig styring av større og mer robuste kommuner vil være et tema i meldingen.*

### Departementet legger opp til to ulike løp i reformperioden:

#### Løp 1: Kongelig resolusjon

#### **Vår 2016**

*For kommuner som gjør kommunestyrevedtak i løpet av høsten 2015, vil departementet legge til rette for at sammenslåing skal kunne vedtas på nasjonalt nivå i løpet av våren 2016. I tilfeller hvor kommunene er enige har Kongen i statsråd myndighet til å vedta sammenslåing.*

#### **Innen sommeren 2016**

*Kommunale vedtak om sammenslåing for kommuner som har vedtatt sammenslåing høsten 2015.*

#### **1. januar 2018**

*Sammenslåinger vedtatt i Kgl. res. kan tre i kraft.*

#### Løp 2: Proposisjon om en helhetlig kommunestruktur til Stortinget våren 2017

#### **Våren 2017**

*Planlagt tidspunkt for fremleggelse av en samlet proposisjon til Stortinget om ny kommunestruktur. Kommunale vedtak som fattes høsten 2015, men som ikke følges opp av kongelig resolusjon våren 2016, vil også bli inkludert i proposisjonen.*

#### **Innen utgangen av 2017**

*Nasjonale vedtak om ny kommunestruktur skal være fattet.”*

Når det gjeld den varsle Stortingsmeldinga våren 2015 om nye oppgaver til kommunane, så har Stortinget bedt regjeringa samtidig gjennomgå oppgåvene til fylkeskommunane/eit regionalt nivå parallelt (jfr handsaminga av kommuneproposisjonen 18. juni).



Fylkesmannen i Møre og Romsdal


## Lokal framdriftsplan i Møre og Romsdal

2014

2015

2016

Fase 1 (Høst 2014)	Fase 2 (2015 - før og etter valget)	Fase 3 (Våren 2016)
<ul style="list-style-type: none"> <li>Alle 36 kommunene i Møre og Romsdal legger fram en sak til sitt K-styre om <b>hvordan</b> de ønsker å jobbe med kommunereformen i sin kommune for å komme i mål våren 2016. <b>Prosess!</b></li> <li>Her kan det tas utgangspunkt i en <b>felles mal</b> som fylkesmannen utarbeider</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>FØR</b> valget, dvs våren 2015 arbeides det med lokale prosesser og informasjon for å sikre et best mulig beslutningsgrunnlag. En sak med fakta grunnlag anbefales lagt fram for K-styret, våren 2015.</li> <li><b>ETTER</b> valget: Folkevalgtopplæring med spesiell vekt på kommunereform og framtid utfordringer</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>I løpet av 1.tertial 2016 skal det til alle k-styrer fremmes en sak hvor man kommer med <b>forslag til framtidig kommunestruktur</b>. Da det kan bli behov for flere runder i k-styret er det viktig at det er noe tid å gå på fram til juni 2016.</li> <li>Frist for innsending av vedtak til Fylkesmannen: <b>01.07.2016</b></li> </ul>



Trygg framtid for folk og natur

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skisserer 5 punkt som kjenneteikn på ein god prosess:

- Planlegg godt heile prosessperioden
- Få fram fakta og vert samde om utfordringane
- Tenk og jobb annleis enn de gjer til vanleg
  - *Dette er den viktigaste jobben de gjer for framtida i din kommune og for å styrke regionen.*
- Ikkje start med å lansere forslag til løysing
- Involvering
  - *Kommunepolitikarane, næringslivet og ulike grupper og organisasjonar i lokalsamfunnet. Spesielt ungdomen!*

### Virkemiddel

Statlege virkemiddel i samband med kommunesamanslåing i reformperioden:

- Inndelingstilskotet

*”Med dagens inndelingstilskudd får den nye sammenslåtte kommunen beholde tilskudd som om den fortsatt var to (eller flere) kommuner i 15 år etter sammenslåingen, før inndelingstilskuddet trappes ned over 5 år.”*

- Reformstøtte

Tal innbyggjarar i samanslåinga	Reformstøtte
0 -10 000	0
10 – 14 999	5 000 000
15 000 – 29 999	20 000 000
30 000 – 49 999	25 000 000
Over 50 000 innbyggjarar	30 000 000

- Dekning av eingongskostnader

<b>Tal kommunar og innbyggjarar i samanslåinga</b>	<b>0 – 19 999 innbyggjarar</b>	<b>20 – 49 999 innbyggjarar</b>	<b>50 – 99 999 innbyggjarar</b>	<b>100 000 + innbyggjarar</b>
2 kommunar	20 000 000	25 000 000	30 000 000	35 000 000
3 kommunar	30 000 000	35 000 000	40 000 000	45 000 000
4 kommunar	40 000 000	45 000 000	50 000 000	55 000 000
5 eller fleire kommunar	50 000 000	55 000 000	60 000 000	65 000 000

- Inntil kr 100 000 i tilskot til utgifter med informasjon og folkehøyring
- Informasjon om kommunane på Kommunaldepartementet si nettside (m.a oversikt over folketalsutvikling, arbeidskraftbehov innan ulike sektorar, nøkkeltal for økonomi og tenesteproduksjon, pendlingsdata for eigen kommune og regionen). Denne informasjonen er grunnlag for utgreiing av utfordringsbilde for kommunen, og for kommunar som det kan vere aktuelt å slå seg saman med.
- Rettleiar for prosess og utgreiing av utfordringsbilde som vert utarbeidd av Kommunaldepartementet i løpet av hausten 2014.
- Fylkesmannen vert styrka med prosessrettleiar som skal medverke til god koordinering og tilrettegging av prosessane.

Alle kommunar som går gjennom prosessen, og som gjer kommunestyrevedtak om korleis kommunen ynskjer å gå vidare inann våren 2016, får utbetalt dei nemnde kr 100 000 til informasjon og folkehøyringar.

Regjeringa føreset eit nært samarbeid mellom fylkesmennene og KS. KS har ei anna rolle enn fylkesmennene, og skal ivareta medlemmene sine interesser som primær oppgåve.

Inntektssystemet

Regjeringa legg opp til ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane i løpet av regjeringssperioden. Gjennomgangen vil sjåast i samanheng med kommunereforma.

Kommuneproposisjonen 2015 nemner nokre element i dagens inntektssystem som kan verte vurderte ved gjennomgangen:

- Kompensasjon for smådriftsulemper
- Regionalpolitiske tilskot
- Forholdet mellom skatt og rammeoverføring frå staten

I revisjonen av inntektssystemet vert det også lagt fram oppdaterte kostnadsnøklar.

I tillegg til dette har det kome signal frå regjeringa om å sjå på attendeføring av selskapskatt til kommunane.

For 2015 vert veksttilskotsordninga utvida til å omfatte fleire kommunar som har vekst i folketallet (grensa er sett til 1,7 pst. i gjennomsnittleg årleg folketalsvekst dei siste tre åra). Ordninga vert finansiert ved trekk i innbyggjartilskotet for alle kommunane.

## Ekspertutvalget

Ekspertutvalget for kommunereforma skal foreslå kriterie som har betydning for oppgaveløysinga i kommunane, og skal levere to rapportar (delrapport 24. mars og sluttrapport 1. desember 2014). I sluttrapporten skal utvalget vurdere kriterie kommunane bør oppfylle for å ivareta mulege nye oppgåver. Utvalget er sett sammen av erfarne forskarar og praktikarar, som til saman representerer ein allsidig og god kompetanse på heile kommunesektoren. Ekspertutvalget blir leia av professor Signy Vabo. Samansetning av ekspertutvalget er slik:

- Signy Vabo, Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA)
- Terje Hagen, professor ved Universitetet i Oslo
- Lars Erik Borge, professor i samfunnsøkonomi ved NTNU og leder av TBU
- Bernt Aslak Brantzæg, forsker ved Telemarksforskning
- Halvor Holmli, direktør for Kompetansesenter for distriktsutvikling
- Helene Ohm, rådmann i Finnøy kommune
- Margrethe Hagerupsen, rådmann i Lenvik kommune

## Ekspertutvalget sitt forslag til kriterier

*”Kriterier for kommunene:*

1. *Tilstrekkelig kapasitet*
2. *Relevant kompetanse*
3. *Tilstrekkelig distanse*
4. *Effektiv tjenesteproduksjon*
5. *Økonomisk soliditet*
6. *Valgfrihet*
7. *Funksjonelle samfunnsutviklingsområder*
8. *Høy politisk deltakelse*
9. *Lokal politisk styring*
10. *Lokal identitet*

*Kriterier for staten:*

11. *Bred oppgaveportefølje*
12. *Statlig rammestyring*

*Kriteriene skal benyttes på lokalt, regionalt og sentralt nivå som et grunnlag for å vurdere kommunesammenslåing og en ny kommunestruktur. Kriteriene skal i sum ivareta kommunenes fire funksjoner som*

- *myndighetsutøver*
- *demokratisk arena*
- *tjenesteyter*
- *samfunnsutvikler*

Ekspertutvalet la fram tre tilrådingar i rapporten:

- ”1. *Kommunene bør ha minst 15 000 – 20 000 innbyggere for å sikre en god oppgaveløsning.*
2. *Kommunestrukturen bør i større grad nærme seg funksjonelle samfunnsutviklingsområder.*
3. *Staten bør redusere detaljstyringen og ordninger for politisk deltakelse bør videreutvikles for å sikre gode og slagkraftige demokratiske arenaer.*”

Ekspertutvalet sin rapport har vore eit grunnlag for meldingsdelen om kommunereforma til kommuneproposisjonen 2015. Det er frå regjeringa og Stortinget ikkje lagt føring på kor store kommunane bør vere.

## Regioninndelingar

Den fylkeskommunale senterstrukturplanen frå 2004 tok utgangspunkt i NIBRs inndeling i bu- og arbeidsmarknadsregionar (BA-regionar) frå 2002. NIBR brukar ei anna tilnærming til avgrensing av sine BA-regionar enn SSB for dei økonomiske regionane. NIBR tek utgangspunkt i ein sentrum-periferi-dimensjon, der kommunestorleik, arbeidsplassar, pendlingsomfang og reisetid til næraste større senter er lagt til grunn for å avgrense BA-regionane. Reisetidskravet fører gjennomgåande til mindre regionar enn SSB sin modell.

Det er også viktig å nemne at kommunereformen er i utgangspunktet uavhengig av fylkesgrensene, og kommunar kan slå seg saman uavhengig av noverande grenser.

### Bo- og arbeidsmarkedsregioner

(kfr. NIBR-rapport 2013:1)



### Arbeids- bu og serviceregion (ABS-region)

Fylkesrådmannen foreslår ei inndeling i 4 ABS-regionar i Møre og Romsdal (jfr. forslag til regional delplan for attraktive byar og tettstader som er ute på høyring).

Region	Folketal	Busette i tettstad	Arbeidsplassdekning
Kristiansundregionen	55 557	56 %	94 %
Molderegionen	63 974	66 %	96 %
Ålesundsregionen	92 905	81 %	97 %
Eiksundregionen	47 078	56 %	97 %

## Vurdering

Det er viktig å poengtere at målet med kommunereforma ikkje er større kommunar, men betre lokalsamfunn. I denne prosessen er det viktig å sjå kva oppgåver kommunane bør ha – og korleis desse skal løysast – i langsiktig perspektiv opp i mot 50 år fram i tid.

Under handsaming av kommuneproposisjonen 2015 i Stortinget og i kommunal- og forvaltningskomiteen vart det uttrykt kritikk frå opposisjonspartia, m.a.:

- for stram tidsplan for gjennomføring av reforma
- regjeringa sine rammer for kommunereforma har for snevert perspektiv der kommunen si rolle som samfunnsutviklar ikkje er tilstrekkeleg vektlagt
- kommunestrukturen sin verknad på distriktspolitikken er ikkje vurdert
- reduksjon til ca 100 kommunar vil få konsekvensar for busetjingsmønsteret, noko som må kartleggjast og vurderast for å sikre dei politiske måla om å oppretthalde ein spredt busetjingsstruktur
- lite formålstenleg å drøfte reformer i kommunesektoren utan å inkludere fylkeskommunen si rolle
- interkommunalt samarbeid er nødvendig for å utvikle gode kommunale tenester til lågast mogleg kostnad, og det vert vist til at det er flest slike samarbeid i dag blant dei store kommunane i landet
- samanslåing skal vere basert på frivilligheit og ikkje unntaksvis tvang
- ikkje akseptabelt at regjeringa legg opp til ei handsaming av kriterier for kommuneinndeling først, medan oppgåveportefølgjen skal handsamast i ettertid
- endringar i oppgåvedelinga mellom forvaltningsnivåa må fremjast før kommunane kan delta i vurderingar av om dagens kommuneinndeling er den beste for å løyse framtidige oppgåver
- signal frå regjeringa om endringar i kommuneøkonomi med meir vekt på eigne inntekter og mindre på inntektsutjamning, vil auke sentraliseringa og presset på vekstkommunane ytterlegare
- reforma er eit ideologisk drive prosjekt, der ein skal løyse mange problem, men ein har ikkje fagleg dekning for det

Det er bestemt at det skal gjennomførast ei kommunereform, og det må kvar enkelt kommune forhalde seg til. Rådmannen ser at ei slik reform også er nødvendig, og at det er mange interessante element å gripe fatt i innanfor dei rammene som er sett for prosessen. Kritisk refleksjon og vurdering av konsekvensane er likevel viktig med sikte på den endelege innretninga på reforma. Dette er særleg viktig ettersom det mest grunnleggjande for ei slik reform enda ikkje er avklart, jfr det regionale forvaltningsnivået, oppgåvefordelinga og inntektssystemet til kommunane. Rådmannen meiner det er ei svakheit med reforma at ein ikkje tenker heilskapleg om den statlege og kommunale oppgåvefordelinga og forvaltningsstrukturen. Rådmannen saknar overordna prinsipp for formål- og funksjonsfordeling mellom dei ulike nivåa.

Det kan sjå ut til at staten legg ansvaret for gjennomgangen av forvaltningsstrukturen til kommunane utan å sjå dette i ein samla prosess. Dette kan medføre eit usamanhengjande kommunekart basert på dei enkelte kommunane sine vel- og motvilje til å sjå samfunn og region utover sin eigen ståstad. I tillegg vert kommunane oppmoda om å gjere vedtak om kommunesamanslåing utan å vite kva oppgåver dei skal ha i framtida. Det er naturleg å sjå dette i lys av hovudargumentet om at dagens kommunar er for lite robuste og må slå seg saman for å kunne ta hand om dei nye oppgåvene dei vert tillagt. Regjeringa kan kome til å overstyre dersom



resultata av kommunane sine eigne prosessar ikkje samsvarar med dei overordna målsettingane, jfr. utdrag frå kommuneproposisjonen for 2015, side 51:

*”I utarbeidelsen av beslutningsgrunnlaget for Stortinget vil det bli lagt til grunn at enkeltkommuner ikke skal kunne stanse endringer som er ønsket og hensiktsmessige ut frå regionale og nasjonale hensyn. I proposisjonen vil det dermed kunne foreslås sammenslåinger av kommuner som avviker frå de lokale vedtakene”.*

Denne reforma vil utfordre politisk leiarskap som er klar på motiva for endring, men også er tydeleg og open på både dei positive og negative konsekvensane. I alle høve vil rådmannen vise til at det er staten som bestemmer, og kommunane må innrette seg etter dei rammevilkåra som vert sett. Rådmannen ser det uansett som ei motiverande oppgåve å medverke til å leggje til rette for ein best mogleg prosess i Surnadal kommune.

Kommunereforma bør vere ein kontinuerleg prosess i kommunestyret i tida framover. Dette er viktig for å ha engasjement, få tilbakemeldingar og kunne drøfte innspel frå prosessar blant innbyggjarane og frå andre kommunar.

Kommunestyret må også ta stilling til om det skal gjennomførast rådgjevande folkeavstemming.

Rådmannen vil rå kommunestyret til ikkje å gå for raskt på ei konkret løysing. Løysinga bør vere eit svar på korleis ein på best måte gjennom kommunereforma kan løyse dei framtidige utfordringane som lokalsamfunnet Surnadal står overfor. Dette bør sjåast i eit 50-års perspektiv. Nærings- og samfunnsutviklingsperspektivet bør vere vel så sentralt som tenesteperspektivet. Arbeidsplassutviklinga er fundamentet for folketalsutviklinga og framtida for eit samfunn.

#### Prosess, tidsplan, involvering og informasjon

Kommunereforma vil i større eller mindre grad berøre alle innbyggjarane i kommunen. Det er derfor viktig å involvere/informere og leggje opp til prosessar der folk kan delta. Det bør også etablerast dialog med organiserte grupper innanfor næringsliv, ungdom, kultur/idrett og ulike brukarråd. Gjerne med lokale variantar av «tenketanken» som Fylkesmannen har etablert.

Proessen vil vere avgjerande for resultatet, og for at ein ny kommunekonstellasjon vil fungere i samsvar med dei overordna måla for reforma. Utover informasjon og engasjement rundt dei rasjonelle faktorane, må også prosessen kunne ivareta det som er knytta til det kjenslemessige hos folk.

Når det er avklart kven som kan slå seg saman, er det viktig å arbeide med kultur- og identitetsbygging. Vidare vil det vere viktig å gjere avtalar om t.d funksjonsfordeling, infrastrukturutvikling mv. for å forebygge mot rivalisering og konflikter mellom geografiske område i den nye kommunen.

Det må leggjast ein tidsplan og opplegg for reformprosessen i Surnadal kommune. Tidleg i denne fasen bør ein etter rådmannen sitt syn hente fram datagrunnlag for å kartlegge utfordringsbildet i høve dei fire dimensjonane tenester, samfunn, økonomisk berekraft og lokaldemokrati. Dette grunnlaget vil kunne gi problemstillingar som ein gjennom prosessen skal finne svar på i form av ny kommunestruktur som Surnadal skal vere ein del av.

I den endelege beslutninga må faktorar utover dei reint rasjonelle og materielle også vurderast. Folket sin identitet, tilhørslse, kulturelle-/næringsnettverk og høvet til å delta demokratisk vil vere viktige å lytte til for at ein ny kommune skal fungere etter intensjonen.

Surnadal kommune kan velje å vere med i første pulje samanslått med ei eller fleire andre kommunar i 2018 (løp 1), eller bruke noko meir tid på prosessen fram til 2020 (løp 2). Kommunestyret bør i løpet av hausten avklare kva tidsløp ein vil følgje. Departementet reknar om lag 1,5 år frå vedtak til gjennomføring av samanslåing.

Det er mange aktørar i kommunereformprosessen ved m.a. regjeringa, Fylkesmannen, regionråd, KS mv. Det er viktig at kommunen og innbyggjarane går tungt inn i prosessen og at kommunestyret sjølv har regien. I tillegg må det først dialog med Fylkesmannen og kommunar det kan vere aktuelt å slå seg saman med. Rådmannen har forventingar til at ORKIdé og Fylkesmannen vil bidra i utarbeidinga av utfordringsbildet.

Rådmannen meiner det er viktig å leggje opp til ein god prosess på sjølve gjennomføringa, slik at ein ikkje brukar unødvendige ressursar og at energi går tapt på for lang prosess. Når Surnadal kommunestyre i samarbeid med andre kommunestyre har funne ut av kva kommunestruktur som skal gjelde, må det ved ei eventuell samanslåing riggast ein prosjektorganisasjon med påfølgjande ressursar til å planlegge og gjennomføre samanslåinga.

Ettersom grunnleggjande element i reforma ikkje er på plass, meiner rådmannen at Surnadal kommune så langt det er mogleg bør avvente å gjere bindande vedtak til dette er avklart. Dette gjeld oppgåvedeling for kommunane og regionalt nivå/fylkeskommunen, samt meir informasjon om endring som vil kome i inntektssystemet. Slik vi kan tolke signala frå regjeringa er ikkje økonomi drivaren for reforma, og det er derfor naturleg at regjeringa har forståing for at kommunane nyttar tida innanfor reformperioden til å gjere endeleg avklaringar.

Samtidig er det viktig å starte opp snarleg med informasjon, involvering og utgreiing, slik at ein kan førebu seg på korleis ei kommunereform vil kunne påverke dagens kommuneorganisasjon og samfunn. Aktuelle spørsmål kan vere: Kva for utfordringar kan ei samanslåing medverke til å løyse? Kva for føresetnader må vere til stades for at ein klarer å hente ut forventa gevinstar? Kva krev dette av kommunale leiarar, tilsette og samarbeidspartar? Korleis ivareta dei tilsette i prosessen?

### Kommunereform er endringsleiing

Gjennomføring av kommunesamanslåing vil vere ei historisk og svært stor endring for kommuneorganisasjonen. Det må vurderast kva kapasitet og kompetanse som trengst for spele ei aktiv rolle i å leie dei endringane som vil kome. Dette vil verte eit vesentleg endrings- og utviklingsarbeid knytt til omorganisering, arbeidsrettslege forhold, kulturelle skilnader, økonomi, styring og demokrati for å nemne nokre forhold. Ressursane til kommunen blir i dag i hovudsak bundne opp til å sikre at det store tenestepespekteret vert forsvarleg ivareteke i dagleg drift, og vi har ikkje bygd opp eigen kapasitet til eit slikt omfattande utviklingsarbeid.

Vi må som arbeidsgjevar forankre endringar i kommunestruktur hos dei tilsette. Det må også sikrast at endringane vert forankra blant innbyggjarane og hos samarbeidspartar. Det er svært viktig å ha tilstrekkeleg fokus på å ivareta dei menneskelege sidene ved ei samanslåing, og at leiarane har forståing av at integrasjon er ein kontinuerleg prosess som krev merksemd og kapasitet over tid. Viktigheita av å sikre gode prosessar og god organisering ved gjennomføring av endringsprosessar er ikkje unikt for offentleg sektor. Ein kan trekkje liner til fusjonar og integrasjonsprosessar i privat sektor, der det har vist seg at organisatoriske utfordringar er ei av dei viktigaste årsakene til at ein ikkje alltid frå henta ut dei synergiene som var forventa av ein fusjonsprosess.

### Forholdet til tilsette

Det faktum at Surnadal kommune kan opphøyre som sjølvstendig kommune innan 2020 vil vere grunnlag for usikkerheit hos dei som er tilsette i kommunen. Stillingsvernet ved kommunesamanslåing sikrar at ingen vert oppsagt, og at reduksjon i bemanningsbehov vert å løyse ved naturleg avgang.

Erfaringar frå gjennomførte kommunesamanslåingar viser at arbeidskollegie som har god kompetanse og er dyktige, vil kunne posisjonere seg i forhold til dei mest ettertrakta funksjonane i ein ny kommune. Det er derfor viktig å motivere til innsats og kreativitet i forkant av og under prosessen med samanslåing. Det er viktig med løpande informasjon til dei tilsette og å trekkje arbeidstakarorganisasjonane med i prosessen.

### **Rådmannen si tilråding**

1. Surnadal kommunestyre viser til kommuneproposisjonen 2015 og målsettinga med kommunereforma. Surnadal kommune skal vere ein konstruktiv part i lokale og regionale prosessar.
2. Kommunestyret merkar seg føringar om framtidig kommunestruktur som samsvarar med funksjonelle samfunnsutviklingsområde. Det er avgjerande at framtidig inntektssystem sikrar økonomisk bærekraft og handlingsrom for samfunnsutvikling i kommunane.
3. Kommunestyret vil bruke nødvendig tid til å vurdere utfordringsbildet for Surnadal kommune i lys av kommunesamanslåing og involvere innbyggjarane. Surnadal kommunestyre meiner at det er viktig å få innsikt i grunnleggjande faktorar som oppgåvedelinga og føringar om endringar i inntektssystemet. Kommunestyret tek derfor sikte på å følgje løp 2 for gjennomføring av reforma, der ei eventuell samanslåing skal vere gjennomført i 2020.
4. Kommunestyret er oppteken av at innbyggjarane blir godt opplyst om kommunereforma og får høve til å engasjere seg. Rådmannen vert beden om å sørge for informasjon med analyse av eigenstatus og utfordringsbilde - og etter nærare avklaring med formannskapet førebu folkemøte og gjennomføre innbyggjarundersøking.
5. Kommunestyret vil arbeide med kommunereforma som kontinuerleg prosess med utgangspunkt i komande rettleiar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og løpande innspel frå lokalt, regionalt og sentralt nivå. Nærare framdriftsplan for prosessen fram mot vedtak innan våren 2016 blir å kome tilbake til innan 31.12.2014.
6. Ordførar og rådmann blir oppfordra til å ta initiativ til uformelle samtalar med andre kommunar i regionen for å avstemme arbeidet og tankane omkring kommunereformen.
7. Formannskapet, Rådmannen og hovudtillitsvalt blir valt som arbeidsutvalg for prosessen, medan kommunestyret blir styringsgruppe.